



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		
Kommunestyret		

Klimarekneskap for kommunens drift 2019-2024

Vedlegg

- 1 Rapport - Klimarekneskap for kommunens drift 2019-2024
- 2 Klimarekneskap 2019-2024
- 3 Utslepp arealbruksendring vedtekne planar 2024 - klimagasskalkulator NIBIO

Dokument i saka

Klimarekneskap for kommunens drift 2019, vedteke i kst. 18.06.20, sak 20/43

Klimarekneskap for kommunens drift 2020, vedteke i kst. 15.09.21, sak 21/67

Klimarekneskap for kommunens drift 2021, vedteke i kst. 12.05.22, sak 37/22

Klimarekneskap for kommunens drift 2022, vedteke i kst. 22.06.23, sak 87/23

Klimarekneskap for kommunens drift 2023, vedteke i kst. 18.06.24, sak 95/24

[Klimabudsjett for kommunes drift 2025](#), vedteke i kst. 17.12.24, sak 167/24

[Kommunedelplan for klima og berekraft i Vinje kommune](#), vedteke i kst. 15.04.21, sak 21/26

[Handlingsplan for KDP klima og berekraft i Vinje kommune](#), vedteke i kst. 15.09.22, sak 64/22

[Politisk sak om klima og miljøtiltak ved investeringsprosjekt](#), vedteke i kommunestyret 06.02.24, sak 8/24.

[Utslepp og opptak frå skog og arealbruk - miljødirektoratet](#)

Bakgrunn

Noreg har plikta seg til å kutte klimagassutslepp med 50 % innan 2030 samanlikna med 1990.

Vidare har fylkestinget vedteke at regionen skal kutte 60 % i direkte klimagassutslepp innan 2030 samanlikna med 2009 og vere eit lågutsleppssamfunn innan 2050. For å nå dette målet, er det viktig at alle sektorar – nasjonalt, regionalt og lokalt – bidreg. Kommunen har ei sentral rolle i dette arbeidet; av dei nasjonale utsleppa er omtrent 20 % knytt til kommunal verksemd. Kommunen har ei viktig rolle som politisk aktør og lokal samfunnsutviklar, myndesutøvar, innkjøpar, samt drift og eigar av egne anlegg.

I kommunedelplan for klima og berekraft i Vinje kommune, vedteke 15.04.21, sak 21/26, er den overordna målsetninga å redusere CO₂-utsleppet med 60 % innan 2030 i høve til referanseåret 2009 og syte for ein klimatilpassa og robust kommune.

For å nå målet med 60 % reduksjon må kommunen få ned utsleppet også for eiga drift.

I arbeidet med å nå dette målet, er eit av tiltaka i handlingsplanen pkt. 7, at kommunen skal årleg føre klimarekneskap og klimabudsjett for eiga drift. Oversikt over klimagassutslepp gjev ein peikepinn på kvar framtidige utsleppskutt bør skje.

Vinje kommune har årleg ført klimarekneskap for eiga drift sidan 2019, og etter fylkeskommunen sin mal frå 2020. Klimarekneskapen for kommunens drift 2019-2024 er synt i vedlegg 1 og 2.

Klimarekneskapen er delt på klimafokus 1, 2 og 3:

- *Klimafokus 1* - omfattar alle direkte utslepp som er eigd eller kontrollert av kommunen, anten til oppvarming eller fossilt drivstoff frå kommunens egne kjøretøy.
- *Klimafokus 2* - omfattar indirekte utslepp, til dømes frå kjøp av elektrisitet og fjernvarme.
- *Klimafokus 3* - hovudsakleg utslepp frå avfallshandtering, køyregodtgjering, tenestereiser, innleigd brøyting og støying.

Malen frå fylkeskommunen er tilpassa slik administrasjonen i Vinje ynskjer å framstille klimarekneskapen. Blant anna er det i Vinje kommune sitt klimarekneskap teke med historisk forbruk og utslepp frå 2019 til 2024 for å sjå utvikling over tid. Det er òg teke høgde for nye utsleppsfaktorar i tråd med nasjonale tal i rekneskapen. Utsleppa frå tidlegare år er justera i høve dei nye utsleppsfaktorane.

Vurdering

Vinje som samfunn

I Vinje kommune er det totale utsleppet på samfunnsnivå 37 523 tonn CO₂-ekvivalentar i 2023, ein nedgang på 5,2 % frå 2022. Utslepp per innbyggjar er omlag 9,8 tonn CO₂-ekvivalentar.

Kommunens drift

Klimarekneskapen syner per i dag det samla klimagassutsleppet i kommunen si drift - og dekkjer tenesteområda barnehagar, skular, institusjonar, helsehus, teknisk drift og infrastruktur, kommunehuset, samt brann og beredskap som er knytt til Vinje. Det totale utsleppet til kommunens drift utan innkjøp i 2024 er 480 tonn CO₂-ekvivalentar, ein nedgang 2,2 % frå 2023.

Innkjøp og anskaffingar

Utslepp knytt til kommunale innkjøp, drift og investering frå årsrekneskapen gjev eit samla klimagassutslepp på 1 342,2 tonn CO₂-ekvivalentar. Dette utgjer om lag 80 % av det totale utsleppet frå kommunens drift. Sjølv om ein er usikker på det estimerte utsleppstalet, veit ein

at dei indirekte utsleppa knytt til innkjøp er ein svært stor del av dei indirekte utsleppa (80-90 %) og dei er vanskelege å talfeste. Per i dag er det ikkje gode tal til å inkludere i sjølve klimarekneskapen.

For neste års klimarekneskap bør ein vurdere klimafaktorane på nytt og vurdere å innarbeide også desse utsleppa i klimarekneskapen. Det bør også takast med tal for tidlegare år for å få eit godt samanlikningsgrunnlag og sikre ein heilskapleg klimarekneskap.

Arealrekneskap

Det er 4 reguleringsplanar som vart vedteke i 2024. Ved endra arealbruk i tråd med desse planane gjev dette eit samla utslepp på 8 352 tonn CO₂- ekvivalentar, dette er over 17 gonger så mykje utslepp som for kommunens drift utan innkjøp.

Konklusjon

Det er viktig å ha oversikt over klimagassutslepp både på samfunnsnivå og frå kommunens drift for å sjå kor det er naudsynt med tiltak og fylgje effekten av tiltak som blir gjort. Det er og viktig at det er ein god samhandling mellom klimaarbeidet i kommunen, klima og berekraftsplanen, klimarekneskapen og klimabudsjettet for å nå klimamålet innan 2030. For å nå målet må ein samarbeide på tvers av sektorane både kommunalt, regionalt og nasjonalt.

Kommunedirektøren rår til at klimarekneskapet blir vedteke slik det ligg føre.

Klimarekneskapen blir oversendt til Telemark fylkeskommune slik kommunen er forplikta til som medlem av klima- og energinettverket. Klimarekneskapen skal òg leggast ut på kommunens heimesider og synleggjerast for både tilsette og innbyggjarar i Vinje kommune.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Klimarekneskap for kommunens drift 2019-2024 blir vedteke slik det er lagt fram.